

Velkommen til Ådnamarka skule!

Innskrivings skjema

For å førebu oss på å ta i mot ditt barn treng vi informasjon frå deg:

- Godkjenning på at vi kan kontakte barnets barnehage, PPT og helsestasjon for overføring av nødvendig informasjon
- Informasjon om barnets morsmål er noko anna enn norsk. Informer då om kva språk barnets førstespråk er
- Medisinske opplysningar som de meiner vi på skulen treng å vite om
- Informasjon om målform (bokmål/nynorsk)

Det er viktig at opplysningane de sender blir behandla trygt og sikkert. Difor ber vi deg om å nytte innskrivings skjema digitalt. Då vert henvendinga lagd direkte i vårt arkivsystem, og barnets og ditt personvern vert ivareteke. Vi ønskjer ikkje at du sender oss opplysningane på epost.

Hvis du, eller ditt barn, ikkje har norsk personnummer (11 siffer) vil ikkje skjemaet virke. Du må då ta kontakt med oss på telefon, eller ved oppmøte.

For å finne innskrivings skjemaet, søk etter "Skolestart" på bergen.kommune.no
Vi treng informasjonen så snart som mogleg og håpar de kan sende det inn seinast 15.04.2025.

Målform

Opplæringslova (§3-1) gjev føresette rett til å velje målform den skriftlege opplæringa skal vere på. Kryss av i innskrivings skjemaet om dykk ønskjer at opplæringa skal skje på ei anna målform enn skulens hovudmål nynorsk. Les meir på: www.bergen.kommune.no, søkjeord: "Målform i grunnskolen"

SFO-plass

Søknadsportalen for å søkje SFO-plass for 1.trinnselever hausten 2025 åpnar 22.april. Alle som søker får plass på SFO.

Meir informasjon finn du på: www.bergen.kommune.no, søkjeord: "SFO".

Her finn du også informasjon om redusert betaling SFO, plasstyper og søskenmoderasjon:

"Hvis husstanden tjener mindre enn 570 900 kroner kan du søke om redusert betaling for SFO. Dersom inntekten er 350 000 kroner, eller lavere, vil barn i 1. klasse på SFO få gratis hel plass. Når du har mottatt skattemeldingen for 2024 kan du søke om redusert betaling som skal gjelde fra høsten av. For å kunne søke om redusert betaling må du ha søkt og takket ja til tilbud om SFO-plass. Husk at du må sende inn en ny søknad om redusert foreldrebetaling for hvert skoleår. "

Skuleskyss

Du kan lese om ordninga med skuleskyss på: www.bergen.kommune.no, søkjeord: "skoleskyss"

Elevar som har meir enn to kilometer til skulen på 1.trinn (4km frå 2.trinn) kan ha rett på skuleskyss. Søknader om skuleskyss grunna avstand, medisinske årsaker eller delt bustad gjer skulen, ta kontakt med skulen for å få hjelp med det. Søknad om skuleskyss grunna trafikkfarleg veg må gjerast via Bergen kommunes digitale søknadsskjema. Ordinær skuleskyss gjeld kun til og frå skuletid, det er kun ved medisinske vedtak at ein kan ha rett på skuleskyss også til SFO.

Førskuledag

Det vert litt seinere på våren sendt ut invitasjon til førskuledag med foreldremøte 5.juni, og SFO-lunsj 25.juni.

Vigilo

Me tilrår også føresette å laste ned Vigilo-appen for kommunikasjon mellom heim-skule allereie no. Les meir på: www.bergen.kommune.no, søkjeord: "Vigilo skole"

For meir informasjon om skulen

Sjå skulens heimeside:

<https://www.bergen.kommune.no/omkommunen/avdelinger/adnamarka-skule>

Venleg helsing

Mette Mikkelsen
Rektor
Ådnamarka skule